



Bjørn Iden  
Ievegen 129 B  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2552 - 17/7007

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.04.2017

## Godkjenning - frådeling av parsell med påståande bustadhus på lo, gbnr 49/12.

**Administrativt vedtak. Saknr: 96/2017**

### Saksutgreiing:

Bjørn Iden har ved søknad journalført 17.10.2016, søkt om løyve til frådeling av parsell med påståande bustadhus på lo, gbnr 49/12 i Meland kommune, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20- 1 bokstav m. Det er samstundes rekvirert oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Omsøkt tiltak er del av landbrukseigedommen på gbnr 49/12 og har status landbruk, natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen sin arealdel. Tiltaket ligg også innanfor 100-meters beltet mot sjø. Dispensasjon for frådeling av omsøkt parsell vart gjeve av Utval for drift og utvikling 07.03.2017, UDU-sak 22/2017.

Vedtaket hadde følgjande ordlyd [utdrag]:

*«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel og frå forbod mot tiltak i strandsona, for frådeling av bustadhus med tomt på gbnr 49/12, jf søknad motteke 17.10.2016.*

*Utval for drift og utvikling gjev samtykke til deling etter jordlova § 12 for oppretting av ny grunneigedom på gbnr 49/12 som omsøkt.*

*Oppretting av grunneigedom kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap. 20.*

*Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.»*

### Nabovarsling:

Frådelingssøknaden vart nabovarsla 29.09.2016. Det har ikkje kome merknader til nabovarslinga og denne er i samsvar med pbl § 21-3.

### Vilkår for frådeling etter plan- og bygningslova:

Det vert vist til vurderinga som vart gjort av administrasjonen i saksutgreiinga for dispensasjonsvedtaket 07.03.2017.

Tiltakshavar har opplyst at frådeling som omsøkt og vist på situasjonskart vedlagt søknaden 17.10.2016 ikkje inneber frådeling av fulldyrka jord frå landbrukseigedommen gbnr 49/12, men berre opparbeida hage/uteareal til eksisterande parsell på eigedomen.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Då omsøkt parsell vert ein fritt omsetteleg eigedom etter frådellinga, må rettar til og bruk av veg-, vass- og avlaupsnett over gbnr 49/12 til omsøkt parsell tinglysast.

Tilhøva er ikkje til hinder for at det vert gjeve løyve til frådelling etter pbl § 20-1 bokstav m, men seinast samstundes med slutføring av oppmålingsforretning må tiltakshavar leggje fram separat erklæring med kartvedlegg som klart dokumenterer naudsynte rettar for ny frådelt parsell. I samband med gjennomføring av oppmålingsforretninga vil oppmålingsingeniør i kommunen hjelpe med dette.

### **Vedtak**

«I medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, gjev Meland kommune løyve til frådelling av parsell med påståande bustadhus på gnr 49/12, jf søknad journalført 17.10.2016 og situasjonsplan stempla godkjent 07.04.2017.

Grunngjeving for vedtaket kjem fram av saksutgreinga og vurderinga ovanfor.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9

Erklæring om rett til og bruk av veg-, vass- og avlaupsnetter over gbnr 49/12 må tinglysast.»

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

49-12 kartvedlegg

### **Mottakere:**

Bjørn Iden

levegen 129 B

5917

ROSSLAND